



Til heimane

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2462 - 15/6181

Saksbehandlar:

Silje Vikøren Palmesen

silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:

01.06.2015

## Tilleggsressursar

Vedlagt følgjer søknadsskjema om tilleggsressursar for elevar med særskilde behov.

Frå PPT har skulen fått følgjande info:

«Grunna langvarig vakant stilling i PPT, er ikkje alle sakkunnige vurderingane for neste skulår ferdig før sommarferien. Vedtak frå rektor skal vera i tråd med tilrådde tiltak i den sakkunnige vurderinga. Vi finn det derfor føremålstenleg at svar på søknad om spesialundersvisning vert utsett til dei sakkunnige vurderingane er ferdige. Vedtak frå rektor vil i nokre tilfelle derfor verte utsendt i byrjinga av august. Skulane har fått kunnskap om tilrådde timetal etter §5.1, slik at planlegginga av neste skuleåre er i rute. Frå 1. august reknar vi med at situasjonen på PPT betrar seg, då det er tilsett fagperson i den vakante stillinga.»

Me ber difor heimen om å ha søknadsskjemaet liggjande til den sakkunnige vurderinga kjem frå PPT, og då snarast senda dette inn att til skulen.

Har de spørsmål, kontakt rektor.

Med helsing

Inger Morken Ellingsen  
Rektor Manger skule

Silje Vikøren Palmesen  
sekretær Manger skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Til heimane